

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Att.Asbjørn Nagell Toft

Dato	01.04.2022
Vår referanse	2022/565-27
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Anders Søyland
E-post	Anders.Soyland@vlfk.no
Telefon	40427671

Plan for friluftslivets ferdselsårer - tildeling av tilskot Austrheim kommune

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til Plan for friluftslivets ferdselsårer. Søknaden vart handsama av hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 23.03.2021, politisk sak 38/2022.

Austrheim kommune vert tildelt **120 000 kr** til prosjektet Kartlegging av friluftslivets ferdselsårer 2022 på sjø og land i Austrheim kommune.

Det blei i søknaden oppgitt at 90 000 kr av dei omsøkte midlane ville gå til BOF for bistand i prosjektet. Vi opplyser i denne samanheng om at prosjektmedarbeidar Håkon Tufteland i BOF har sagt opp sin stilling og at BOF som ein konsekvens av dette har valt å sei opp samarbeidsavtalen om friluftslivets ferdselsårer med Vestland Fylkeskommune.

Det arbeidast no med å få på plass ei prosjektstilling ved fylkeskommunen for å kunne tilby kommunane den same bistanden i prosjektet som det BOF kunne tilby. Denne prosjektstillinga vil delvis finansierast med prosjektmidlane som elles ville blitt kanalisert til BOF via tilskot til kommunane. For Austrheim sin del vil dette sei at kommunen får utbetalt 30 000 kr i tilskot, medan 90 000 kr går til prosjektbistand frå Vestland Fylkeskommune.

Prosjektstillinga vil truleg ikkje vere besett før til sumaren. Om de tenker at dette vi få konsekvensar for den planlagde framdrifta i prosjektet i Austrheim kommune, ber vi om at de tek kontakt med prosjektansvarleg i Vestland fylkeskommune (Anders Søyland), for å drøfte dette.

Bakgrunn

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR, set mål for tilskot til kultur og idrettsføremål. Tiltaket er forankra i Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

Innan søknadsfristen 15. februar kom det inn til saman 12 søknadar, der 11 av desse kvalifiserte for tilskot. Det er lagt opp til ein ny søknadsrunde hausten 2021, med søknadsfrist 15. oktober.

Grunngjeving

Dykkar søknad er vurdert å tilfredsstille kriteria og retningslinjene for ordninga.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF – format til Vestland fylkeskommune. Vi ber om at dette vert gjort så snart som mogleg, og seinast innan 15. mai 2022.

Elektroniske fakturaadresse: 9908:821311632
Aksesspunkt: Visma
Saksnummer: 2022/565

Ressursnummer: 12564

Tilskotet blir utbetalt så snart Vestland fylkeskommune får tilsendt faktura. Mottakar av tilskotet har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Vilkår for tilskotet

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar for plan for friluftslivets ferdselsårer M-1292.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med søknaden.
- Tilskotsmottakar skal gjennomføra rapportering, levara rekneskap samt medverka til kontroll som nemnt under.

Brot på vilkår og føresetnader

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt, kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Rapportering

Sluttrapport og rekneskap sendast på e-post til Vestland fylkeskommune post@vlfk.no merka med saksnummer 2022/565, innan 15. januar 2023. Statusrapporten skal innehalde desse punkta:

- Skildre status og gjennomførte tiltak i tråd med rettleiaren.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar, etter førespurnad, å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

Klage/partsinnsyn

Det er klagerett på vedtak, då desse er enkeltvedtak jf. forvaltningslova. Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre veker, rekna frå melding om vedtaket er motteke.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til med arbeidet med friluftslivets ferdselsårer!

Med helsing

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef
KII - Idrett og friluftsliv

Anders Søyland
seniorrådgjevar
KII - Idrett og friluftsliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift